

Nasjonale retningslinjer for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

1. INNLEIING

Lærarutdanning som høgre utdanning

Høgre utdanning og forskning skal bidra til å utvikle sjølvstendig tenkande, opne, kunnskapsorienterte og emosjonelt modne menneske som deltar i demokratiet. Som del av høgre utdanning er alle lærarutdanningane underlagt lov om universitet og høgskolar. Med basis i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og i tett samarbeid med praksisfeltet skal lærarutdanningane kvalifisere framtidige lærarar for arbeid i barnehage, skule og vidaregåande opplæring.

Kunnskap om korleis ta i bruk vitskaplege og kunstnarlege metodar og resultat både i utdanninga og i samfunnet elles er sentralt i lærarutdanningane. Utdanningane skal leggje til rette for internasjonalisering slik at framtidige lærarar kan opne dører mot verda for barn og unge og kunne legge til rette for dannelsingsprosessar. Dei som arbeider i lærarutdanningane må vere oppdatert på norsk og internasjonal forskning innan for sine respektive fagfelt og bygge utdanninga på den samla kunnskapen på lærarutdanningsfeltet. Undervisninga og læringsaktivitetane skal vere basert på forskning om kva som er god undervisning og kva som gir god læring. Lærarutdannarane må ha positiv interaksjon med studentane og høge forventningar til dei. Studentane skal oppleve at dei er ansvarlege deltakarar i sin eigen læring og utvikling, og dei skal vere involvert i det akademiske fellesskapet.

Verdigrunnlag

Lærarutdanningane skal bygge verksemda si på dei grunnleggjande verdiar som vi kan finne i barnehagelova og opplæringslova og som er forankra i menneskerettane; menneskeverdet og respekt for naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Innsikt i historie og kultur -også barne- og ungdomskultur -er viktig for å legge til rette for utvikling av identiteten til barn og unge og at dei kan oppleve å høyre til. Den samiske kulturarven og kulturarven til dei nasjonale minoritetane er ein del av kulturarven i Noreg. Dei norske lærarutdanningane skal formidle kunnskap om det samiske urfolkets og dei nasjonale minoritetanes historie, kultur, samfunnsliv og rettar.

Lærarutdanningane skal fremje likestilling mellom kjønna, solidaritet på tvers av grupper og vise at kunnskap kan vere ei skapande og formande kraft, både til personleg utvikling og til humane samværsformer. Kunnskap om vald, overgrep og omsorgssvikt og korleis sette i gang naudsynte tiltak etter gjeldande lovverk er ein del av dette. Lærarutdanningane skal følgje opp FNs barnekonvensjon og bidra til å sikre barns rett til omsorg, leik og ein trygg oppvekst, og følgje opp FNs berekraftsagenda i Noreg ved å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og livslang læring for alle.

Praksisstudiar

Det er gjennom praksis at lærarar utøver gjerninga si. Høg kvalitet på praksisstudiar er difor essensielt for lærarstudentar si utvikling av endrings- og utviklingskompetanse. Lærarutdanningsinstitusjonen skal saman med fagpersonalet i praksisfeltet legge til rette for ein studiesituasjon med heilskap og samanheng. Etter fullført utdanning skal kandidatane ha grunnlag

for profesjonsutøving basert på vitenskapleg kunnskap og erfaringskunnskap. Dei skal ha utvikla eit profesjonelt skjøn, sin relasjonskompetanse, sine sosiale og emosjonelle eigenskapar og evne til sjølvrefleksjon. Lærarutdanningsinstitusjonen og praksisfeltet må samarbeide om å legge til rette for at studentane skal tileigne seg slike kvalifikasjonar.

Læreryrket sine mange oppgåver

Lærarar i ulike deler av opplæringssystemet vil vere blant dei viktigaste personane i barn og unge sine liv. Gjennom omsorg, oppseding og opplæring skal dei bidra til at barn og unge utviklar seg og lærar til beste for seg sjølv og samfunnet dei er ein del av.

Lærarutdanningane skal ruste framtidige lærarar til å skape eit fellesskap der nye generasjonar trygt kan utfolde seg og bli bidragsytarar inn i eit felles demokratisk samfunn. Ein lærar skal vere i stand til å legge til rette for utvikling, læring og danning, å bistå barn og unge i å møte livets oppgåver og meiste utfordringar saman med andre, og hjelpe dei til å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Ein lærar skal kunne skape gode, motiverande omsorgs- og læringsmiljø og arbeide for inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Barnehagen og skule skal bidra til utvikling av identitet, skaparglede og engasjement. Barn, elevar og lærlingar skal få utvikle utforskartrong, vitenskapleg og kritisk tenking, få innsikt i kulturelt mangfald og utvikle respekt for den enkelte sin eigenart og overtyding. Deltaking i praktisk arbeid og arbeid med estetiske uttrykksformer er både viktige eigenverdiar og viktig for læring. Eit godt læringsmiljø skal vere tillitsskapande, trygt og bidra til kjensla av å høyre til og å delta i meiningsskapande aktivitetar. Barn og unge skal oppleve å bli brukt som ressurs i eigen læring og i utvikling av læringsfellesskapet. Ein lærar må kunne skape gode relasjonar til alle i barnegruppa/elevgruppa og legge til rette for estetisk skapande prosessar og fagleg lærdom. Lærarutdanningane skal kvalifisere studentane til å kunne foreta etisk grunngjevne vurderingar og legge til rette for det enkelte barn/den enkelte ungdoms utvikling og læring. Studentane må derfor gjennom utdanninga utvikle både fagleg- og relasjonell kompetanse slik at dei som yrkesaktive kan vere den som skaper læringsmiljø som realiserer desse ambisjonane.

Lærarprofesjonen er bygd på samarbeid

Den gode læraren må kunne samtale og kommunisere godt i mange ulike samanhengar, på ulike måtar og gjennom ulike medium, for eksempel munnleg og skriftleg fagleg kommunikasjon, kommunikasjon med barn og unge, med føresette og med andre grupper. Ein lærar skal bidra til at barn og unge har innsikt i det som møter dei som deltakarar i samfunnet/arbeidslivet. Ulike møteplassar for samhandling og kunnskapsdeling for tilsette, studentar og yrkesfeltet på tvers av profesjongrensene vil vere viktig. Å delta og bidra i kollegial fagutvikling på eigen arbeidsplass, bidra til eit godt arbeidsmiljø og samarbeide med foreldre/føresette om barn og unges læring, utvikling og danning er sentralt. Ein lærar må kunne formidle innsikt, arbeidsmåtar og haldningar om kunnskapsfeltet barnehage og skule til foreldre/føresette. Viktige arbeidsoppgåver vil også vere å samarbeide med ulike instansar utanfor barnehagen/skule og å ha kjennskap til ulike hjelpeinstansar når det er bruk for det.

Arbeid i barnehage og skule vil krevje at læraren er i stand til å reflektere over og kontinuerleg utvikle eigen praksis. Derfor er det ein føresetnad med solid fagkunnskap, men også vilje og evne til læring og profesjonell utvikling i fellesskap. Morgondagens samfunn vil krevje andre kompetansar enn dagens, og utdanningane bør derfor ruste lærarane til å utvikle relevant kunnskap for dei kontekstar dei vil møte. Det er felles for alle lærarutdanningar at dei utdannar kandidatane som skal arbeide som lærarar over mange år, tilpasse seg nye samfunnsforhold, nye læreplanar, andre styringsdokument og ny forskning på relevante fagområde.

Dei ulike lærarutdanningane

Dei ulike lærarutdanningane er styrt av forskrifter om rammeplan for kvar enkelt utdanning der omfang, fagsamansetting, tal på praksisdagar og opptaksgrunnlag er fastsett. Alle lærarutdanningane skal foreta vurdering av om studentane er skikka for arbeid med barn og unge. Det er utvikla nasjonale retningslinjer for alle utdanningane. Dei nasjonale retningslinjene utfyller forskriftene og skal vere førande for institusjonane.

Praktisk-pedagogisk utdanning

Praktisk-pedagogisk utdanning er ei eittårig profesjonsretta utdanning, som bygger på fagstudium studenten har frå før. I utdanninga inngår pedagogikk, fagdidaktikk og 60 dagar praksis. Gjennom ei heilskapleg og profesjonsretta utdanning skal studenten utvikle lærarprofesjonalitet. Praktisk-pedagogisk utdanning skal gjennom pedagogikk, fagdidaktikk og praksisopplæring legge til rette for studentanes eigen dannelsingsprosess i rolla som lærar. Utdanninga skal gi grunnlag for studenten si utvikling av eigen læraridentitet og bevisstheit om å vere del av profesjonskollektivet som lærarprofesjonen utgjer, for å kunne legge til rette for gode læringsprosessar og trygge læringsmiljø for elevane. Gjennom refleksjonar og innsikt i metodar for utvikling av eigen og andre sin lærarpraksis skal studenten legge grunnlaget for ein utviklande og forskande tilnærming til eigen praksis, som skal vare heile yrkeslivet.

Utdanninga legg til rette for studentaktiv læring og forskingsbasert undervisning. Utdanninga legg vekt på at studentane utviklar kompetanse i etisk refleksjon, kreativitet, kritisk tenking, problemløysing og samarbeid, slik at dei blir i stand til å vidareutvikle seg fagleg og profesjonelt i eit samfunn og ein profesjon i rask endring.

Utdanninga skal også kvalifisere studentane til å bidra til å vidareutvikle skulen som institusjon for læring og danning i eit globalt, berekraftig, demokratisk og mangfaldig samfunn. Utdanninga førebur framtidens lærarar på å ruste ungdom til å møte livet sine oppgåver og utfordringar i ei verd i stadig endring.

Utdanninga skal kvalifisere studentane for å ivareta opplæringa om samiske forhold, samiske barn og unges rettar og det samiske folket som anerkjent urfolk. Samisk kultur og samfunnsliv er ein viktig del av den felles kulturarven. Studentane må difor få kunnskap om det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane for grunn- og vidaregåande opplæring og om samiske elevar sine rettigheter.

2. SENTRALE OMGREP

At praktisk-pedagogisk utdanning skal ha *heilskap og samanheng*, betyr at dei ulike komponentane i utdanninga – didaktikk, pedagogikk og praksis – har sine klart definerte funksjonar, og at dei bygger på og utfyller kvarandre slik at dei til saman legg til rette for at studentane kan oppnå læringsutbytta som er definert i forskrifta. Ein viktig føresetnad for god heilskap og samanheng er at dei ulike aktørane er i jamn dialog og arbeider for å skape ei samforståing av utdanninga sine målsetjingar.

At praktisk-pedagogisk utdanning er *profesjonsretta*, betyr at utdanninga er tydeleg retta mot å utdanne lærarar for trinn 5–13. Studentane har sine gjennomførte fagstudium som utgangspunkt, og gjennom praktisk-pedagogisk utdanning skal studentane utvikle profesjonsfagleg kompetanse relevant for arbeidet som lærar og for undervisning i aktuelle undervisningsfag. Studentane skal også utvikle kompetanse i å delta i utvikling av skulen og av eigen og kollegaer sin profesjonskompetanse.

At praktisk-pedagogisk utdanning er *integrert*, betyr at utdanninga bygger på studenten si tidlegare utdanning og foreinar ulike former for lærings- og vurderingsformer innanfor pedagogikk,

fagdidaktikk og praksis i eit profesjonsorientert læringsløp. Den integrert utdanninga skal sikre at studentane får fagdidaktiske og pedagogiske kunnskapar, ferdigheiter og kompetansar.

At praktisk-pedagogisk utdanning er *basert på forskings- og utviklingsarbeid*, betyr at utdanninga brukar relevant kunnskap frå forskning og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid i undervisning og læring. Undervisinga i fagdidaktikk og pedagogikk skal bli gitt ved relevante forskingsaktive fagmiljø. I tillegg skal studiedesignet og undervisningsformer i utdanninga vere informert av forskning om lærarutdanning.

At praktisk-pedagogisk utdanning er *erfaringsbasert*, betyr at studentane skal få erfaring med ulike sider av lærarprofesjonen og moglegheit til å analysere, diskutere og reflektere over erfaringane, på bakgrunn av eigne praksiserfaringar og undervisning i pedagogikk og fagdidaktikk.

3. FAG/KUNNSKAPSOMRÅDE

Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning gir det samla læringsutbyttet studentane skal ha etter fullført utdanning. Læringsutbytte er definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Forskrifta definerer, og retningslinjene utdjupar desse gjennom å skissere korleis innhald, undervisnings-, arbeids- og vurderingsformer i lærarutdanninga må utviklast for å kunne realisere det samla læringsutbyttet. Kunnskaps- og ferdigheitsutvikling føreset erfaringsbasert og aktiv deltaking. Utdanninga og praksisstudiet må legge til rette for øving til lærarrolla, og for at studentar kan reflektere over og vidareutvikle kunnskap og ferdigheiter individuelt og i profesjonsfellesskap. Obligatorisk og aktiv undervisningsdeltaking utgjer sentrale deler av utdanninga.

3.1 Kunnskapsutvikling i lærarutdanninga

I tråd med prinsippet om livslang læring skal praktisk-pedagogisk utdanning legge grunnlag for ein kunnskapsbase som skal bli vidareutvikla gjennom heile yrkeskarrieren. Lærarar må kunne kommunisere, samhandle, utforske, skape og reflektere kritisk. I eit danningperspektiv handlar det om å utvikle ei utforskande tilnærming i profesjonsutøvinga og dessutan om å kunne bruke kunnskap frå ulike fagtradisjonar på ein kreativ, konstruktiv og kritisk måte. Systematisk innhenting av empiri frå praksisfeltet generer ny kunnskap. Lærarstudentar bør få delta i forskings- og utviklingsarbeid i utdanninga. Innsamling og handsaming av data frå praksisfeltet kan vere med å utvikle studentane sin kunnskap om og haldningar til å vera ein lærande lærar.

3.2 Ferdigheitsutvikling i lærarutdanninga

Eit viktig kjenneteikn ved læraryrket er at lærarar stadig møter nye situasjonar der dei må ta sjølvstendige val. Ofte handlar dette om avgjersler som må baserast på profesjonsfagleg skjøn. Mange val har etiske implikasjonar som utfordrar læraren si evne til å ta avgjersler med profesjonsfaglege grunngevingar. For å øve evna til å ta raske og krevjande avgjersler treng lærarstudentar øving og moglegheiter for å reflektere over reelle praksisutfordringar. Både praksisstudiet og undervisinga i pedagogikk og fagdidaktikk må gi rom for øving, og bidra til at studentane tileignar seg ferdigheiter til vidare profesjonell utvikling slik at dei som lærarar blir i stand til å vidareutvikle eigen praksis, individuelt og i samarbeid med andre. Profesjonsfellesskap og laget rundt eleven er avgjerande for kvalitet i skulen, og samarbeidskompetanse er difor sentralt i utdanninga.

3.3 Utvikling av generell kompetanse i lærarutdanninga

Praktisk-pedagogisk utdanning må legge til rette for at studentane kan utvikle seg til trygge lærarar som kan samhandle med kollegaer for å kunne bruke sitt profesjonelle handlingsrom. Dei må kunne velje mellom ulike undervisningsmetodar og -strategiar og ha fagleg og pedagogisk innsikt til å kunne grunngje sine val. Eit slikt grunnlag fordrar ei utdanning som vektlegg haldningar, kritisk refleksjon og evne til å utvikle eigen undervisningspraksis. Lærarar skal ikkje berre ha fokus på eigen undervisning, dei skal også kunne delta i samarbeidsrelasjonar med andre for å bidra til kontinuerlege utviklings- og læringsprosessar både i profesjonsfellesskap og med andre samarbeidspartar som har tilknytning til opplæringa. Ei sentral profesjonskompetanse hos lærarar er å kunne identifisere, reflektere over og ytre seg om faglege, profesjonsetiske og utdanningspolitiske spørsmål.

3.4 Pedagogikk i praktisk-pedagogisk utdanning

Pedagogikk er eit vitkapsfag som gjev kunnskapsgrunnlag for å utforske læraren si verksemd knytt til omgrepa undervisning, utdanning, danning og læring i ein samfunnskontekst. Pedagogikk som profesjonsfag skal være praksisrelevant og bidra til fagleg, sosial og personleg læring og utvikling hos elevane, i tråd med opplæringslova sin formålsparagraf og skulen sitt verdigrunnlag. Gjennom pedagogikkfaget utviklar studentane sin kompetanse til å planlegge, gjennomføre, analysere og kritisk vurdere undervisning og læring i lys av skulen sine styringsdokument og skulen sitt samfunnsoppdrag. Pedagogikkfaget skal også gi grunnlag for å forstå skulen som organisasjon i ein utdanningspolitisk kontekst og ruste studentane til å handtere dei utfordringane og moglegheitene som ligg i mangfaldige opplæringsarenaer i et samfunn i stadig endring. Pedagogikkfaget skal bidra til å utvikle studentane sin relasjonelle og sosiale kompetanse på ein slik måte at dei er i stand til å bygge eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle elevar, og til å samhandle med føresette og aktørar internt og eksternt til det beste for elevane.

3.5 Fagdidaktikk i praktisk-pedagogisk utdanning

Fagdidaktikk er læra om skulefaget og om skulefaget si historie og plass i skulen. I tillegg tek fagdidaktikk opp forholdet mellom faget som disiplin og skulefag, og korleis faget kan inngå i tverrfagleg undervisning. Studentane skal få kunnskap om skulefaget sitt innhald, arbeidsmåtar, vurdering og grunngjevingar. Undervisninga i fagdidaktikk skal gje studentane innsikt i korleis relevant fagdidaktisk forskning kan bidra til formidling og tilrettelegging for læring i det spesifikke faget. Sentralt i fagdidaktikk står utviklinga av studentane si evne til å analysere elevar si læring i faget og til å tilpasse undervisninga for ulike elevgrupper i ulike skuleslag.

Fagdidaktikk skal bidra til at studenten blir i stand til å analysere og tolke læreplanverket kritisk og til å utvikle lokale planar som grunnlag for planlegging, praktisk gjennomføring og vurdering av undervisning. Gjennom fagdidaktikk skal studentane lære å gje elevane undervegs- og sluttvurdering, bruke faglege kjenneteikn på måloppnåing og gje gode grunngjevingar for vurdering i faget.

Fagdidaktikk skal bidra til at studenten kan kritisk reflektere over og kontinuerleg forbetre sin undervisningspraksis i faga. Eit sentralt mål er at studentane skal kunne analysere og formidle avansert innhald i faga og kunne kommunisere dette til elevar og kollegaer.

3.6 Praksisstudiet

Praksis er ein likeverdig læringsarena med utdanninga ved lærarutdanningsinstitusjonen, og skal omfatte ulike delar av lærarprofesjonen. Dei to læringsarenaene har ulike ansvarsområde, men skal samarbeide om planar for praksis og ha felles ansvar for profesjonsutviklinga og sluttkompetansen til studentane. Innhaldet i praksis skal knytast til pedagogikk og fagdidaktikk og bygge på studentane sin fagkunnskap slik at studentane utviklar profesjonskunnskap både gjennom teoretisk refleksjon og gjennom utvikling av eigne faglege, pedagogiske og fagdidaktiske kunnskapar og ferdigheiter.

Praksisstudiet består av aktivitetar som inngår i ein lærar sin arbeidsplanfesta dag, og inkluderer undervisning, førebuing, vurderingsarbeid, elevsamtalar, foreldresamarbeid, møte- og samarbeidstid samt fagleg utviklingsarbeid. Studentane skal ha praksis både i grunnskule og vidaregåande opplæring. I tillegg kan delar av praksisstudiet bli gjennomført i vaksenopplæring, kulturskulen, på andre opplærings- og formidlingsarenaer og i samheng med skulen sine støttefunksjonar. Praksis i utlandet kan godkjennast som del av det obligatoriske praksisstudiet.

At praksisstudiet er *retteia*, vil seie at studentane skal ha praksislærarar som fungerer som retteiarar på praksisskulane, og at retteiinga skal vere systematisk og planlagt. Retteiing av studentar er eit felles ansvar for praksisskulen og utdanningsinstitusjonen.

Vurdering er eit felles ansvarsområde for faglærarane i utdanninga, praksisretteiar og rektor. Vurderinga skal støtte opp om læring og utvikling hos den enkelte student, og det skal etablerast rutinar som sikrar at studenten får læringsfremjande tilbakemeldingar undervegs i praksisstudiet. Det skal vere tydelege ansvarsforhold og rutinar når praksis vert vurdert som ikkje bestått. Institusjonane si forskrift fastset kor mange gongar ein student kan gjennomføre ein praksisperiode.

At praksisstudiet er *varierte*, vil seie at praksis skal omfatte ulike område av lærarprofesjonen. Det skal vere progresjon i praksisstudiet. Med *progresjon* meinast blant anna at studentane skal oppleve, delta og – med retteiing – leie meir komplekse sider av ein lærar sin arbeidsdag. Det skal leggjast til rette for at studentane får observere andre lærarar og/eller medstudentar, at dei får praktisk øving i ulike delar av profesjonsutøvinga, og at dei får høve til å reflektere over eigen og andre sin undervisningspraksis og elevar si læring.

4. INSTITUSJONELLE FORHOLD

4.1 Strukturelle forhold

Institusjonane utarbeidar studieplanar i tråd med gjeldande forskrift. Studieplanane skal skildre innhald i og oppbygging av utdanninga. Organiseringa av praktisk-pedagogisk utdanning skal sikre heilskaplege studieprogram som integrerer teori og praksis, og som sikrar fagleg progresjon og profesjonsretting.

4.2 Gjennomføringsform

Studie- og emneplanane til institusjonane bør gjere greie for gjennomføringsformene til utdanninga. Dette kan vere studiestadbaserte, fleksible, samlingsbaserte, nettstøtta eller andre former. Institusjonane må legge til rette for gode læringsmiljø, studentaktive læringsformer og tett oppfølging av studentane. Fysisk deltaking i opplæringa ved utdanningsinstitusjonen og i praksisskular er viktig for læringsmiljøet og studentane si utvikling av profesjonskompetanse. Fysisk nærvær er også nødvendig for at institusjonen skal kunne gjennomføre skikkavurdering av studentane.

4.3 Arbeids- og vurderingsformer

Institusjonane sine studieplanar bør legge til rette for at studentane møter varierte arbeids- og vurderingsformer. Konkrete arbeids- og vurderingsformer blir skildra i institusjonane sine emneplanar. Utdanninga skal legge til rette for studentaktive undervisnings- og arbeidsformer og nytte dialogbasert og eksemplariske metodar, med forventning om aktiv deltaking frå studentane.

Lærarutdanningsinstitusjonane har ansvar for å vurdere om lærarstudenten er skikka for lærarprofesjonen. Dette skjer i samarbeid med praksisfeltet gjennom ein heilskapleg vurdering av studenten som omfattar faglege, pedagogiske og personlege føresetnader og vil føregå gjennom heile studiet, jf. *forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning*.

4.4 Progresjon

Institusjonane må sikre progresjon og samanheng mellom dei faglege elementa som inngår i utdanninga. Progresjon i praksisstudiet inneber at studentane gradvis tek eit meir sjølvstendig ansvar for planlegging og gjennomføring av undervisning og utvikling av eigen profesjonskompetanse. I institusjonane sine studieplanar bør det komme fram korleis progresjon i programmet er ivaretekt.

5. MOBILITET

Institusjonane skal utvikle rutinar for internmobilitet mellom studieprogram i eigen institusjon, mellom ulike institusjonar og for internasjonal mobilitet.

Institusjonane kan tilby internasjonalisering for eksempel gjennom praksisopphald i utlandet, deltaking på sommarskular og korte kurs, virtuell mobilitet og internasjonalisering heime. Ulike måtar å inkludere internasjonale perspektiv heime inkluderer komparative perspektiv, internasjonal pensumlitteratur og gjesteundervisarar. Studiet bør utnytte potensialet dette kan gi for internasjonale perspektiv i utdanninga.

6. INNHOLDSKOMPONENTER I STUDIET

Fagdidaktikk, pedagogikk og praksis utgjer dei sentrale innhaldskomponentane i studiet.

6.1 FoU

Institusjonen skal tilby ei profesjonsrelevant og forskings- og utviklingsbasert praktisk-pedagogisk utdanning. Gjennom tett samarbeid med praksisfeltet bør det leggjast til rette for studentinvolvering i forsking- og utviklingsprosjekt. Studentane skal utvikle forskings- og utviklingskompetanse for å kunne forhalde seg aktivt og kritisk til andre si forsking, og for at dei som kommande lærarar skal kunne undersøke, endre og vidareutvikle eigen praksis med føremål å fremme opplæringskvalitet for barn og unge, samt vere aktive aktørar i profesjonsfellesskapet i skulen. Utdanninga skal fremme sjølvstende, samarbeidsevne, analytiske ferdigheiter og kritiske refleksjonsevne hos studentane, og gje kompetanse i å handtere endring og kompleksitet. Utdanningsprogrammet skal formidle og engasjere studenten i vitskapelege/kunstfaglege arbeidsformer forankra i forskings-, utviklings- og erfaringsbasert kunnskap.

6.2 Praksis

Institusjonen skal leggje til rette for samarbeid med praksisfeltet gjennom forpliktande avtalar. Praksisskulane og institusjonen samarbeider om rettleiing og vurdering av studentane sitt praksisstudium. Institusjonen har ansvar for å utarbeide planar for gjennomføring av praksisstudiet, som tydeleggjer progresjon og krav for godkjenning av praksis. Institusjonen skal informere

praksisskulane om forskrift om skikkaheit og institusjonane sine rutinar for løypande skikkavurdering.

Praksisrettleiar skal ha kompetanse i det aktuelle skulefaget og godkjent lærarutdanning eller anna relevant pedagogisk utdanning. I tillegg bør praksisrettleiar ha minimum tre års relevant erfaring og minimum 15 studiepoeng rettleiarutdanning.

6.3 Gjennomgåande tema

Institusjonen oppfordrast til å utvikle ein visjon for praktisk-pedagogisk utdanning som tydeleggjer utdanningas satsingsområde og profil.

6.4 Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK)

Institusjonane som tilbyr praktisk-pedagogisk utdanning blir oppfordra til kunnskapsdeling og erfaringsutveksling rundt korleis lærarstudentar på best mogleg måte kan bli rusta for den digitale kvardagen me er ein del av. Lærarstudentane skal bli budde på skulen i framtida, sjølv om vi ikkje veit nøyaktig korleis ho ser ut. For å kunne utvikle grunnleggjande ferdigheiter og fagkunnskap hos elevane, må studentane utvikle eigen profesjonsfaglege digitale kompetanse gjennom studiet og seinare i skulen, i tråd med prinsippet om livslang læring. Her er det eit dobbelt siktemål, dette handlar både om profesjonsutvikling og sjølve profesjonsutøvinga.

7. RELEVANTE STYRINGS- OG BAKGRUNNSDOKUMENT

Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-12-21-1771>

Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15>

Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning, etter lov om universiteter og høyskoler §4-10:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2023-10-27-1714>

Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta):

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-06-03-900>

Gjeldande læreplanverk for grunnskulen og vidaregåande opplæring: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

11.12.2024